

Radøy kommunestyre		
Møtestad: Rådhuset	Møtedato: 11.10.01	Sak nr. 66/01

## FRAMLEGG TIL PRIVAT REGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELT I BREISVIKA PÅ KVALHEIM

Sakshandsamar:	Konsulent Anne-Marie Colban, konsulent Espen Elstad
Sakstilfang:	Vedtak i sak 145/00 og 100/01 Fråsegn frå jordbrukssjef Gro Steine, dagsett 7.11.00 Fråsegn frå Bergen og Omland Hamnevesen, dagsett 11.07.00 Fråsegn frå Fiskeridirektoratet, dagsett 04.09.00 Fråsegn frå Magnar Kvalheim, dagsett 15.07.00 Fråsegn frå Reidar Opdahl, dagsett 28.08.00 Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 25.01.01 Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 02.02.01 Fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland v/landbruksavdelinga dagsett 30.01.01 Fråsegn frå Fylkesmannen i Hordaland, v/miljøvernavingdelinga, dagsett 21.02.01 Fråsegn frå Statens vegvesen, dagsett 30.11.00 Fråsegn frå Kystverket, dagsett 21.12.00 Fråsegn frå Bergen og Omland Hamnevesen, dagsett 28.12.00 Fråsegn frå Fiskeridirektoratet, dagsett 28.02.01 Fråsegn frå Ragnhild og Erling Nordanger, dagsett 18.12.00 Fråsegn frå Bjørg Kvalheim, dagsett 01.01.01. Fråsegn frå Magnar Kvalheim, dagsett 09.12.00 Fråsegn frå Rudolf Aleksander Wisnes, dagsett 29.12.00 Fråsegn frå Rasmus J. Kvalheim, dagsett 30.11.00
Tilrådingsorgan:	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk.
Vedtaksorgan:	Kommunestyret i Radøy kommune.

### Saksorientering:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk vedtok i sak 145/00 å leggje framlegg til privat reguleringsplan for bustadfelt i Breisvika på Kvalheim ut til offentleg ettersyn. Følgjande merknader til planframlegget var motteke før planen vart lagt ut til offentleg ettersyn:

**Jordbrukssjef Gro Steine** som ikkje har vesentlege merknader til planen. Jordbrukssjefen visar til at det er viktig at moloane murast fint opp, dvs. i naturstein eller i støyp form og såleis verta ein attraksjon i lokalmiljøet. Jordbrukssjefen visar vidare til at den ytterste bustadtomten mot sørvest (nr. 13) bør gå ut av omsyn til natur, friluftsliv og badeplass. Tomten kan eventuelt flyttast til i nærleiken av tomt nr. 1 eller 7. Til sist peikar jordbrukssjefen på at friområde må kunne nyttast av ålmenta på lik linje med dei som skal bu i området.

**Bergen og Omland Hamnevesen** visar til hamnelova mm.

**Fiskeridirektoratet** som i utgangspunktet ikkje kan sjå at planen kjem i konflikt med fiskeri- og havbruksinteresser. Vidare vert det peikt på at båtfortøyning i bryggjeanlegg er betre for strandsona enn einiskilde fortøyningar.

**Magnar Kvalheim** ønskjer at planområdet vert utvida sørover mellom anna for å gje plass til ei god båthamn.

**Reidar Opdahl** som ønskjer at gnr. 28, bnr. 21 vert med i planen då denne eigedomen manglar kloakk, vatn og veg.

Etter at saka vart sendt ut til offentleg ettersyn vart følgjande merknader motteke:

**Hordaland fylkeskommune ved kulturseksjonen** som visar til at det er naudsynt med arkeologiske registreringar i området då planområdet kan innehalde spor etter busetnad frå forhistorie, jf lov om kulturminner § 9. Dei har lagt fram eit budsjett på kr. 13.800,- og bed om at dette blir godkjent. Fylkeskommunen vil gje endeleg fråsegn nå dei arkeologiske undersøkingar er utført.

**Hordaland fylkeskommune ved avd. for regional utvikling** som viser til at reguleringsplanen ikkje er i samsvar med kommuneplanen, der området er vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) med moglegheit for spreidd hyttebygging. Dei meiner det hadde vore ønskjeleg med ei nærare grunngjeving for denne omdisponeringa. Dei visar til vurderingar omkring trongen for tilrettelegging av ny infrastruktur, lokalisering i høve avstandar skule, butikk med vidare. Ein føresetnad for å taka området i bruk som bustadområde er at dette ikkje går ut over ålmenne interesser og natur- og landskapsverdiar som til dømes badeplassen som ligg i området. Fylkeskommunen meiner at det er å sløse bort verdifullt areal å leggje relativt store einestader heilt nede i strandkanten. Dersom ein skal byggje i strandsona bør ein byggje tettare med meir effektiv arealbruk. På denne måten vert meir av dei urørte areala langs strandlinja ivareteke. Konkret visar fylkeskommunen til at det må vurderast andre tomteløysingar for tomtene T 11,12, 13 og T3, 4, 5, 6. Desse må takast ut eller trekkjast lenger vekk frå stransona. Fleire tomter kan med fordel leggjast atkomstvegen nord i området. Ned mot strandområde bør det generelt satsast på ei tettare utbyggingsform. På denne bakgrunn vurderar fylkeskommunen å fremja motsegn mot planen slik han føreligg i sin noverande form.

Barn- og unges interesser: Ingen vesentlege merknader, men grøntareala til leik og opphald må vurderast i samanheng med dei ovannemnde merknader.

Trafikkområde: Det bør i føresegnene stillast krav til god estetisk utforming av vegskråningar Naust/båthamn: Avstanden mellom badeområde i sjø og innløpet til båthamna er svært kort. For å trygge badeområdet bør plasseringa av moloen vurderast. Fylkeskommunen tilrår vidare at det vert stilt krav om utbyggingsplan for heile strandområde. Dei tilrår også å bryte opp naustrekkja med gangpassasjer å leggje vekt på god estetisk utforming av fasadene.

Fylkeskommunen viser i konklusjonen til at dei vurderer å fremje motsegn mot planen og at arealbruken må vurderast på nytt i samanheng med justering av tomter.

**Fylkesmannen i Hordaland v/landbruksavdelinga** som i utgangspunktet er svært kritisk til bustadfelt som vert utlagt i strid med kommuneplanen sin arealdel. I dette tilfellet vert det også ei blanding av hytter og heilårsbustader i området. Husa vert liggjande svært nær sjøen. Dei er samd med jordbrukssjefen i at tomt nr. 13 bør fjernast. Kombinasjonen badeområde og småbåthamn kan verta konfliktfylt. Dei viser til at kommunen kritisk bør vurdere planen opp mot både kommunale og nasjonale føringar.

Fylkesmannen i Hordaland v/miljøvernavdelinga fremjer motsegn til planframlegget då det ikkje er i samsvar med nyleg vedtatt kommuneplan og det ikkje er dokumentert trong for nye bustadfelt, samt at planen vil føre til omfattande inngrep i strandsona. Ein utlegging av dette området til bustadbygging og eventuelt omfang av ei slik utbygging må utstå til rullering av kommuneplanen.

Fylkesmannen peikar på at ein bustadbygging i dette området gjer preg av ei satellitt-utbygging, med relativ stor avstand til offentlege servicetilbod som skule, butikk m.m. Dersom det er trong for meir bustadareal i denne delen av kommunen, vil nærleiken til offentlege og private servicetilbod tilsei ein auke i bustadsantalet i felta ved Bøvågen. Fylkesmannen viser også til at det er eit nasjonalt miljømål å sikre 100-metersbeltet mot nedbygging. Dei aller fleste av bustadtomtene vil ligge innanfor 100-meterbeltet og vil såleis medføre omfattande inngrep i strandsona. Naustareala og omfanget på småbåthamnene representerer og tunge inngrep i strandsona. Eit så omfattande tilbod av småbåthamnareal som planen syner, burde vore dokumentert godt. Moloane vil og føre til store inngrep i sjøen.

**Statens vegvesen** viser til at reguleringsgrensa for planen må visast slik at eksisterande avkøyring er med i planområdet og vert markert som stengt avkøyring til fylkesvegen. Den skraverte tomte og dei to tomtene som ligg inntil denne veggen må visast med tilkomst frå denne veggen og vidare fram til den nye veggen i planområdet. Vidare må krysset til fylkesvegen detaljerast slik at planframlegget viser frisiktsoner og kurvatur. Frisiktskravet må setjast ut frå ein fart på 60 km/t og blir her 10 x 100 m. Dersom dette kravet ikkje kan gjennomførast kan det vurderast et noko redusert krav.

**Kystverket** visar til at det er ein fordel om det går fram av plandokumentet at utbygging av molo og småbåthamn krev løyve etter hamne- og farvasslova § 18.

**Bergen og Omland Hamnevesen** gjer merksam på at reguleringsplanen bør orientere om at planlagte tiltak i sjøen krev løyve etter hamne- og farvasslova.

**Fiskeridirektoratet** kan ikkje sjå at planen inneheld arealbruk som vil føre til noko større konflikt med fiskeri- og akvakulturinteresser. Konkrete tiltak i sjø vil verta vurdert når søknad om dette ligg føre.

**Ragnhild og Erling Nordanger** viser til at eksisterande gangveg til Lauritzfjæra vei nr. 13 og eksisterande naust L. i fjæra er ikkje merka opp på kartet. Dei viser også til at dei eig eit naust som ikkje er merka opp på kartet. Dei ønskjer at dette vert merka opp på kartet.

**Björg Kvalheim** som viser til at utbygging i samsvar med planen vil føra til stor sjenanse for henne. Ho bur i huset som tidlegare var hovudbygningen på garden. Ho ønskjer at veggen til bustadfeltet vert flytta lengre austover, noko som også vil gjera framkomsten til hennar eigedom lettare. Ho gjer også merksam på at ho går sterkt imot flytting av tomt nr. 13. Ho viser vidare til at det i alle år har vore ein sjøveg ned til naustet. Denne gangvegen meiner ho at ho har hevd på. Björg Kvalheim stiller også spørsmål ved om det er lovleg å bygge der tomt nr. 9 er teikna inn. Ho viser til at det er der dei gamle husruinane på gardsbruket ligg. Ho meiner at desse er rekna for å vera bevaringsverdig. Ho meiner også at kravet om maksimalt 0,6 m mur/beplantning i frisiktzone ikkje kan gjelda for eksisterande bustader. Ho krever at dette går fram av reguleringsplanen. Björg Kvalheim meiner også at det må vera mogleg for eksisterande bustader å få tilgang til båt plass og at det må inn eit punkt om dette i

reguleringsføresegnene. Ho visar til slutt til at hun generelt sett er imot ein utbygging av denne storleik og at dyrka mark som leggjast ut til bustadtomter, parkeringsplassar og veger for alltid går tapt.

**Magnar Kvalheim** vil påklaga plassering av fylling til molo då denne vil stengje for tilkomst til bnr. 3 frå sjøsida på nordsida av Sjøholmen. Han visar til at det er på denne sida det er mogleg å få til ei brukbar hamn. Han peikar på at fyllinga må gå frå ytterpunktet på holmen og mot nord. Det vil då verta betre plass og båthamna vil verta trekt lengre vekk frå badeplassen. Magnar Kvalheim har og lagt ved skisse over situasjonen.

**Rudolf Alexander Wisnes** som viser til at han eig ei hyttetomt i området og at reguleringsplanen vil føre til at økonomisk- og bruksverdi av tomta vert redusert. Wisnes har vegrett over utbyggingstomta som vert berørt av reguleringsplanen. Han viser til at ein tilsvarande tilkomst må komme i stand, jf. servitutlova § 5. Wisnes krev også at det vert gitt ei grunngeving for å dispensere frå byggjeforbodet i 100-metersbelte. Han kjem til sist med førespurnad om det er mogleg å kopla seg til det framtidige vann- og kloakknett.

**Rasmus J. Kvalheim** føreset at planen ikkje medfører utgifter for han. Han har elles ingen merknader til planen.

#### **Administrasjonen sine vurderingar:**

Området som vert søkt regulert til utbyggingsområde for bustader er i kommuneplanen sin arealdel utlagt til LNF-området der spreidd bustadbygging er tillate. For utbygging av fritidsbustader er det blant anna gitt følgjande føresegnene i medhald av pbl. § 20-4, nr. 6, b og c.

- \* Eignedomane skal frådelaast med felles grense med eksisterande eigedomar slik at restarealet vert tilgjengeleg for stadbunden næring.
- \* Bygningane skal ikkje ha fleire enn ein etasje og eigedomane skal ikkje vera meir enn 0,6 da.
- \* Fritidsbustadene skal lokaliserast langs eksisterande utmarksvegar og ikkje nærare enn 50 m frå sjøen.
- \* For området på Kvalheim kan det byggjast inntil 7 fritidsbustader.

Ei utbygging som ikkje er i samsvar med ovannemnde, vil krevje dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, jf. plan- og bygningslova § 20-6 og byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs strandlinja, jf. pbl. § 17-2.

Fylkesmannen i Hordaland har blant anna på bakgrunn av at tiltaket er i strid med kommuneplanen og at det vil medføre sterk utbygging i strandsonen, fremja motsegn mot planen. Hordaland fylkeskommune vurderer å fremje motsegn mot planen dersom ikkje utbygginga i strandsona vert vesentleg redusert. På bakgrunn av fylkesmannen og fylkeskommunen sine fråsegner og ny synfaring i området, har administrasjonen vurdert saka på nytt. Framlegg til reguleringsplan for bustadfelt på Kvalheim vil medføre utbygging av ein mykje meir omfattande karakter enn det som er vurdert i samanheng med kommuneplanen. Framlegget syner utbygging av 13 relativt store bustadtomter mot inntil 7 fritidsbustader på 0,6 da etter gjeldande kommuneplan. Bustadene vil også verta vesentleg større enn fritidsbustader på ein etasje. Tomtene er spreidd rundt i området og oppfyller difor ikkje kommuneplanen sitt krav om at tomtene skal lokaliserast med felles grense til eksisterande bustader. Resultatet av dette er at resterande grøntareal vert oppsplitta. I tillegg ligg omlag halvparten av bustadtomtene nærare enn 50 m frå strandlinja. Dette er ikkje i samsvar med

kommuneplanen og heller ikkje i samsvar med nasjonale retningslinjer for vern av strandsona. Ei slik sterk utnytting av attraktivt areal i strandsona, må verta vurdert opp mot natur-, kultur og friluftsiinteressene som knyter seg til området, jf. fylkes-kommunen si fråsegn. Administrasjonen si vurdering er at det ikkje er tilstrekkeleg dokumentert at utbygginga ikkje vil gå ut over friluftsi- og kulturverninteressene i området. Området framstår etter administrasjonen si vurdering som eit attraktivt friluftsiareal med eit flott kulturlandskap. Då utbygging i høve til framlegg til reguleringsplan vil medføre vesentleg sterkare utnytting av areal enn det kommune-planen føreset er det viktig at tiltaket vert vurdert i samanheng med revidering av kommuneplanen. Administrasjonen vil difor rå til at framlegg til reguleringsplan for bustadfelt på Kvalheim vert avvist.

Fylkesmannen i Hordaland har opplyst at dei er villig til å diskutera planen for eventuelt å trekkja motsegna tilbake. Ein føresetnad for eit slik møte er at det vert lagt fram eit nytt framlegg til reguleringsplan for bustadfelt der utbygginga av strandsona er kraftig redusert. Administrasjonen har overfor grunneigar skissert eit mogleg alternativ til ein slik plan. Løysinga administrasjonen har skissert opp, inneber at tomt 3-9 og 11-13 må takast ut av planen. Dei resterande tomtene kan supplerast med ei tomt nord for tomt 1, ei tomt sør for 28/75. To tomter i friområdet mellom g/bnr. 28/19 og 28/28. I tillegg må småbåthamna og molo som grenser til g/bnr. 28/3 takast ut. Dette alternativet gjer at utnyttinga av området er meir i samsvar med kommune-planen. Ein oppnår på denne måten at eit samanhengande belte langs strandsona med sterke friluftsi- og kulturinteresser vert ivareteken for framtida.

Administrasjonen tek ikkje dei resterande fråsegnene opp til vurdering då det i denne omgang er viktig å få ei prinsippavklaring på om hovudutvalet vil krevje at utbygging i samsvar med planen vert vurdert i kommuneplanssamanheng. Ei eventuell godkjenning av reguleringsplanen vil også krevje at grunneigar legg fram ein plan som er justert i høve til nokre av dei mindre vesentlege merknadene.

Då fylkesmannen har fremja motsegn skal Miljøverndepartementet eventuelt stadfesta planen dersom den vert godkjend i Radøy kommunestyre, jf. plan- og bygningslova § 27-2.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med bakgrunn i innkomne merknader kan ikkje framlegg til reguleringsplan godkjennast slik den ligg føre.

#### **Vedtak i hovudutvalet:**

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk er positive til planen, men utbygger må inn i ein dialog med kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen for å drøfte eventuelle endringar i plan. Frå kommunen skal ein representant frå hovudutvalet saman med administrasjonen innby til dialog mellom partane.

---

**FRAMHALD****Saksopplysningar**

Etter vedtak i hovudutvalet i juni har sakshandsamar vore i møte med både Miljøvern-avdelinga og utbygger.

Utbygger meiner han har utforma reguleringsplanen i tråd med dei ønskjer som er kome frå administrasjonen og politikarar. Han stiller seg såleis spørjande til korleis reguleringsplanen kan stoppe opp.

Miljøvernavdelinga står ved si motsegn til planen. Dette stadfesta Egil Hauge i møte 23.08.01. Han grunngir motsegna med at den medfører omfattande inngrep i strand-sona og at framlegget er i strid med nyleg vedteken kommuneplan. I kommuneplanen ligg området som LNF (landbruk, natur og friluft) kor det er tillate med bygging av inntil 7 hytter. Eit planframlegg med 13 bustadtomter fører til ei heilt anna utnytting av området. Miljøvernavdelinga meiner dessutan at planen er utforma på ein måte som fører til ei sterk privatisering av strandsona.

**Vurdering:**

Miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen vil oppretthalde motsegna til planframlegget om det ikkje vert gjort store endringar i utforming og utnyttingsgrad i planen. Om hovudutvalet opprettheld sitt vedtak og kommunestyret også vedtek planen, må reguleringsplanen sendast til departementet for stadfesting, jf. plan- og bygningslova § 27-2.

Det er administrasjonen si oppfatning at det i Radøy kommune bør vere tilgang på attraktive bustadtomter. Utsikt eller lett tilgang til sjø er to av hovudgrunnane til at folk kan tenkje seg å busetje seg i kommunen. I denne samanhengen kjem ein ofte i konflikt med byggjeforbodet i 100 meters beltet, § 17-2 i plan- og bygningslova. Det er derfor viktig at busetnad som skal planleggjast i strandsona, vert innarbeidd i kommuneplanen.

Administrasjonen vil i denne saka vere forsiktig med å leggje fram ei innstilling til vedtak. Fylkesmannen har teke fram to overorda dokument som planframlegget kjem direkte i strid med. Det eine er bygge- og delingsforbodet, jf. § 17-2 i plan- og bygningslova, men planen er og i strid med kommuneplanen som er Radøy kommunestyre sitt langsiktige vedtak for å styre arealforvaltninga i kommunen.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med bakgrunn i motsegna frå fylkesmannen vert framlegg til reguleringsplan for bustadfelt i Breisvika på Kvalheim ikkje godkjent slik den ligg føre.

**Handsaming i hovudutvalet**

**Leiar Odd Matre** sette fram følgjande framlegg:

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk ser positivt på planen om bustadfelt i Breisvika. I denne delen av kommunen er det for tida lite ledige bustadtomter, og det er såleis ynskjeleg med utbygging. Tomtene ligg i eit område som er svært attraktivt og godt eigna til bustader. Hovudutvalet meiner også at det er betre at området vert nytta til bustader enn til fritidsbustader som kommuneplanen viser. Hovudutvalet vil likevel føreslå at tomt nr. 13 med fordel kan flyttast

til eit område i planen som ligg lenger frå sjøen, og arealet vert gjort om til friområde. Med desse endringane vert framlegg til privat reguleringsplan for bustadfelt i Breisvika, Kvalheim med føresegner, datert 10.11.00, godkjent.

**Hovudutvalet si tilråding:** (samrøystes)

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk ser positivt på planen om bustadfelt i Breisvika. I denne delen av kommunen er det for tida lite ledige bustadtomter, og det er såleis ynskjeleg med utbygging. Tomtene ligg i eit område som er svært attraktivt og godt eigna til bustader. Hovudutvalet meiner også at det er betre at området vert nytta til bustader enn til fritidsbustader som kommuneplanen viser. Hovudutvalet vil likevel føreslå at tomt nr. 13 med fordel kan flyttast til eit område i planen som ligg lenger frå sjøen, og arealet vert gjort om til friområde. Med desse endringane vert framlegg til privat reguleringsplan for bustadfelt i Breisvika, Kvalheim med føresegner, datert 10.11.00, godkjent.

**Vedtak:**

Kommunestyret vedtok samrøystes hovudutvalet si tilråding.

**Rett utskrift.**

Radøy formannskapskontor, 25. oktober 2001

  
Kjersti Mjøs  
e.f.

Går til: Teknisk kontor



REVIDERTE REGULERINGSFORSKRIFTER  
IHT ANMERKNINGER I PLANUTV. DEN 7/11-00

FOR

BREISVIKA BOLIGFELT

I HENHOLD TIL § 30 I PLAN- OG BYGNINGSLOV

§ 1 – GENERELT

Forskriftene gjelder for det avgrenset området som er merket med kraftig stiptet linje.

Arealet skal disponeres slik:

- Nye boligtomter
- Felles kjøreveier
- Felles parkeringsplasser
- Felles gangveier
- Felles leikeareal
- Friområde
- Areal for naust og båtfeste til den enkelte tomt
- Felles strandlinje
- Eksisterende bygninger med tomter

§ 2 – BYGGEOMRÅDE

- 2.1 Boligene kan bygges med inntil 2 etg. Plassering som vist. Av estetiske forhold kan det tillate 10% plasseringsavvik
- 2.2 Det tillates bebygd areal herunder bolig, naust og eventuelt garasje inntil 25%
- 2.3 Alle byggemeldinger skal det fremlegges situasjonsplan i målestokk 1:1000. Situasjonsplanen skal vise hvor på tomten boligen skal plasseres og hvordan utbygde delen av tomten skal utnyttes. Det skal også fremgå i situasjonsplan avkjøring til privat vei og eventuelt planlagt garasjeplassering.
- 2.4 For det område som skal benyttes til naust og båtfeste skal det fremlegges egen byggemelding. Bebyggelsesplanen skal vise plassering og høyder. Naust skal inngå som en del av tomtearealet.

§3 – TRAFIKKOMRÅDE

- 3.1 Felles kjøreveier skal tjene kombinert kjøring. Det skal opparbeides gang og sykkelvei i samband med kjøreveg. Tilknytting til offentlig vei skal det tilrettelegges for av og påstigning for offentlig transport. Felles kjøre, gang, sykkeveier og parkeringsplasser




- skal opparbeides slik planen viser og skal vedlikeholdes av eierne.
- 3.2 Parkeringsplassene skal brukes til parkering for hytteeiere og som gjesteparkering for boligene i området. Det skal opparbeides postkassestativ og søppelstativ i tilknytting til veiområde.
- 3.3 Innenfor den avmerkede sonen for frisikt skal det ikke tillates høyere mur/bepanting enn 0,6meter. Det er heller ikke tillat bebyggelse av noen art innenfor sonen.

#### §4 – FRIOMRÅDE, FELLES STRANDLINJE OG LEIKEAREAL

- 4.1 Friområde og den felles strandlinja er tiltengt allmenheten. Det skal utarbeides vedtekter for bruk og vedlikehold av området. Leik / rekreasjon / ballplass er tiltenkt brukt av barn bosatt i området.

Plan- og bygningsloven m/forskrifter og vedtekter skal gjelde.



**Radeby karvverk.**  
 Kartnummer: F10-C  
 Målestokk 1:1000  
 Dato: 2010-2000

- Frittsstående husst
- Senterlinje vei
- Felles vei
- Tilknyttet og Parkering
- Eksisterende boligtomter
- Nye Boligtomter
- Eksisterende hytetomter
- Fremtidig persell
- Småskillem / badedek
- Bølgende og molo
- Friområde
- Fyll/sområde
- Reguleringsplanens begrensninger
- Avgrenset tomt
- Planlagt bebyggelse m/innretning
- Frisiktsone / bebyggelsesbegrensninger

**REGULERINGSPLAN FOR HUSSTØVA BOLIGFELLET**

Rev. dato 19/11-00	Rev. nr. 1,2
<b>SAKSBEHANDLING</b>	
1. Gjengr behandling i skolekomitee	Prosjekt til innretning av nr 711
Offisiell offentlig behandling	
2. Gjengr behandling i skolekomitee	